

Nr 1 (15), 2010



# OSMERRO

- ◆ Årsmelding 2009
- ◆ Trivelig på Stend
- ◆ Intervju med Lars Tøsdal

1973:

“Urskog” på  
Bergensbesøk

# Osmerra blir Osmerro

Årsmøtet som ble holdt i 2009 vedtok at medlemsbladet Osmerra heretter skulle hete Osmerro. Derfor har vi foretatt en liten justering i logoen, som ellers er den samme som var i bruk fra første utgave i 1997.

Det er en glede å presentere den femtende utgaven av bladet. Det er ikke så fyldig denne gangen, men vi håper å komme sterkere tilbake i senere utgaver.

Jarl A. Aspaker

## Damplokomotivet "Urskog" på Bergensbesøk

Av Ingvard Aam

**I artikkelserien "mitt Bergen" i Bergens Tidende kunne vi 31. oktober i fjor lese om Terje Ganderuds guttedager på Kronstad. Han bodde i St. Halvards vei, en vei der det bodde folk som hadde nær tilknytning til jernbanen. Avisen vil naturlig nok prøve å finne et bilde som passer til artikkelen, og da måtte jo det ha med jernbane å gjøre. Jeg tror nok at det ikke bare var jeg og artikkelffatteren som ble overrasket over BTs valg av bilde til denne artikkelen.**

Jernbaneverkstedet på Kronstad hadde bl.a. vedlikehold av Bergen distrikts damplokomotiver, og da snakker vi om lokomotiver som gikk på Bergensbanen. Da ville jeg tenke at det hadde passet med et bilde av et stort normalsporet damplokomotiv, gjerne med noen verkstedsfolk ved loket. Kanskje de i BTs redaksjon trodde de hadde valgt et bilde med akkurat det motivet. Jeg vet bedre, for jeg er med på bildet. Jeg har aldri vært ansatt på jernbaneverkstedet på Kronstad, og ingen av de andre heller. Nå tenker alle leserne: Dette

vil jeg ha en forklaring på, og den forklaringen kommer snart.

Først en presentasjon av dette bildet: Damplokomotivet "Urskog" (750 mm sporvidde, som på NOB). Loket står på en spesialvogn for smalsporet jernbanemateriell. BT gir bildet følgende tekst: "Tøffe karer og tøffe tog på Kronstad. Her får et damplokomotiv en overhaling på jernbaneverkstedet i oktober 1973." På bildet er disse "tøffe" karene: I lokhytten står Ralph Wilson og (trolig) Anders Kåre Engevik. Oppe på loket er Hans Kr. Bukholm. Bakerst Stein Thowsen, på huk, meg, Ingvard Aam. Fremst står Eilev Øvsthus. Alle var den gang medlemmer av NJK avd. Bergen.

Så kommer forklaringen på hvorfor "Urskog" havnet på verkstedet Kronstad.

Norsk Jernbaneklubb avd. Bergen ble stiftet i 1971. Tanken var å forberede veteranogkjøring mellom Garnes og Nesttun, men NSB kunne ikke frigi noe på Garnes før utpå -80-tallet. Da valgte klubben å sikre Stend st. som et minne om Nesttun - Osbanen. Flere aktører innen museum i Bergen og Hordaland mente at NJK burde forsøke å bygge opp en del av Nesttun - Osbanen. NJK og flere av disse aktørene sendte en

søknad til Jernbanemuseet på Hamar om å få låne damplokomotivet "Urskog".

Det tok ikke lang tid før søknaden ble innvilget, og natt til 14. oktober 1973 ankom "Urskog" på spesialvogn til Kronstad. Et par dager etter inviterte NJK BT for å gi en forklaring på hvorfor dette lokomotivet var kommet til Bergen. Da ble også omtalte bilde tatt. Den traséen vi hadde sett oss ut var Selsvik - Kismul. Så var det noen som kom i skade for å snakke om Kismul - Kalandseid, og dermed kom en storm av leserinnlegg om "svart røyk" og "ødelagt klesvask" og andre forferdelige ulemper for lokalsamfunnet. Etter det gikk vi stille i dørene.

NJK Bergen hadde et par problemer som måtte løses: Lokomotivet sto på en spesialvogn som måtte frigjøres, og verkstedet Kronstad ville ikke ha lokomotivet på sitt område. Spesialvognen ble raskt frigjort, men "Urskog" ble stående på en godsvogn på Kronstad i flere måneder. Selv lille "Urskog" ruvet på godsvognen, så transporten til Arna nye st. gikk i 15 km/timen. Stasjonsmesteren på Arna fant en fin pass til loket ved siden av et spor. Bergen Operating løftet loket gratis av godsvognen for NJK. Så la vi presenning over loket,



**OVERHALING:** Tøffe karer og tøffe tog på Kronstad. Her får et damplokomotiv en overhaling på jernbaneverkstedet i oktober 1973.

ARKIVFOTO: SVERRE MO

og ellers ble lite gjort på. Som på Gamle Vossebanens lok 255 var det Georg Friedl som gjorde det som ble gjort på "Urskog", bl.a. å smøre alle lagre. Utpå vinteren 1975 trakk Osbanegruppen seg ut av NJK, og det ble ingen ting av veterantogplanene langs Kalandsvatnet, og "Urskog" ble sendt tilbake til jernbanemuséet i løpet av 1976.

#### Kilder:

BT 31/10-09.

Damplokomotiver i Norge (Norsk Jernbaneklubb 1987)

*Osmerro ble utgitt første gang i 1997 og er medlemsblad for Foreningen Osbanens Venner.*

#### I redaksjonen:

Per Ivar Tautra og

Jarl A. Aspaker. Grafisk: Jarl A. Aspaker.

Epost: jarl@aspaker.no,

Telefon 958 12345

*I kolofonen pleier vi å ha en hilsen til  
Magnar: Keep up the good work!*

## Damplokomotivet "Urskog"

### Damplokomotivet "Urskog" har følgende historie:

I 1895 fikk Urskog-banen levert to sek-skoblete tanklokomotiver fra Hartmann i Tyskland: "Urskog" (nr.1) og "Eidsverket" (nr.2). Etter at banen fikk mer moderne maskiner på -20-tallet ble "Urskog" utrangert. Det var da "Eidsverket" overtok navnet "Urskog". I 1924 ble loket modernisert, bl.a. med ny kjel med forlenget røykskap. "Urskog" fikk ved NSBs overtakelse i 1945 typebetegnelsen XXVII. Loket

var i drift periodevis frem til 1950 og ble utrangert i 1954. Loket ble overført til Jernbanemuséet

etter banens nedleggelse i 1960. Etter Bergensturen ble loket i 1983 ombygget til oljefyring for å brukes i muséets "Tertitt-tog". Foruten "Urskog" består "Tertitt-toget" av en Urskog-Hølandsbanevogn og to noe lavere Osbanevogner



(Skabovogner). De to Osbanevognene ble i 1935 kjøpt av Urskog - Hølandsbanen, og var i drift på den banen til nedleggelsen i 1960. Da ble vognene overført til Jernbanemuséet på Hamar.

# Årsmelding for Osbanens Venner 2009

## Årsmøte og styre

Ordinært årsmøte i Osbanens Venner vart halde tysdag 24. mars 2009 i møtesalen under gymsalen på Stend jordbruksskule. Til stades var ti medlemmer. Møtet gjorde mellom anna vedtak om at kontingenten for 2010 skulle aukast til 200 kroner.

Styremedlemmer og andre tillitsvalde etter årsmøtet:

Leiar:	Per Ivar Tautra (attval for 1 år)
Styremedlem:	Jarl Aspaker (ikkje på val) Egil Olav Jakobsen (ikkje på val) Ingvard Aam (ny for 2 år) Ketil Aspevik (attval for 2 år)
Vararepr.:	Magnar Brekke (attval for 1 år) Oddvar Skre (ny for 1 år)
Revisor:	Terje Melheim (attval for 1 år)
Vara for revisor:	Dag Willgohs (attval for 1 år)
Valnemnd:	Styret vart gjeve full makt til å peika ut ny valnemnd, som ikkje skal bestå av styre- eller varamedlemmer.

Carl Frederik Thorsager underheldt og engasjerte årsmøtet med eit lite føredrag med foto om arbeidet han i si tid la ned for å berga jernbanemateriell frå Sultjelmbananen.

Styret konstituerte seg i etterkant av årsmøtet. Ketil Aspevik har halde fram som kasserar, og leiaren har òg fungert som skrivar.

Det har i meldingsåret vore halde to ordinære styremøte (30/1 og 19/10). I tillegg har styret hatt fortløpande kontakt på telefon etter kvart som det har vore trong for det, og ein del hastesaker er avgjorde som diskusjon per elektronisk post. Det har i tillegg vore halde to fellesmøte mellom styra i Osbanens Venner og Nesttun-Osbanen AS, 14. oktober og 8. desember. Meir om tihøvet til aksjeselskapet kjem lenger nede i årsmeldinga.

Dei aktive i foreininga avslutta året med ein kveld med middag og sosialt samvær på Stend stasjon 11. desember.

## Museet Stend stasjon

Det har i 2009 vore halde ope museum på Stend stasjon frå kl. 11 til 15 alle

søndagane i juni og august, med unntak av 9. august, då me måtte halda stengt grunna mangel på vaktmannskap. Til saman utgjorde dette åtte dagar.

Opningstidene har vore dei same som i 2008 og føregåande år.

Som i tidlegare år heldt me ope museum ein dag under Kulturdagane i Fana:

Søndag 8. november hadde me 30 personar innom stasjonen. Søndag 13. desember arrangererte me for fjerde gong "Hjul på stasjonen". Vår eigen julenisse delte ut godsaker til ungane, eit populært innslag. Frå perrongen serverte me gløgg, peparkaker, vaflar og kaffi. Me hadde rundt 30 besøkjande.

Grupper: Elleve lærarar frå avdeling for transportfag ved Os vidaregåande skule fekk omvisning og togstur som ledd i ein planleggingsdag fredag 6. februar 2009. Tilbakemeldingane frå lærarane var svært positive, og det er venta at skulen kjem attende med elevar på eit eige opplegg seinare.

Idavollen barnehage var på omvisning onsdag 28. oktober med ca. 10 ungar og to tanter.

Også i 2009 har me hatt sal av vaflar, brus og is på alle opningsdagar gjennom heile sesongen. Nesttun-Osbanen Brevhus har i teorien vore ope når museet har vore ope, men publikum si interesse for brevhuset har vore lik null.

Søndagar i juni og august har me i 2009 totalt hatt om lag 190 besøkjande, eller 5,9 besøkjande per time. Det er ein nedgang sidan 2008, då talet på besøkjande per time var om lag 8,5. Totalt, medrekna grupper og spesielle arrangement, har me i 2009 hatt inne rundt 250 besøkjande. Det er ein markant og trist nedgang sidan 2008, då talet var 550. Ein manglande opningsdag og at det ikkje vart arrangert Samferdsledag i 2009, kan forklara noko av nedgangen, men langt frå heile.

Dei fleste dagane har me hatt tre personar på vakt, nokre dagar fleire. Særleg ved køyring av toget er det påkravd å vera minst tre personar, helst fleire. Togkøyringa skapar ei mannskapsmessig utfordring for oss, samstundes som det er tydeleg at museet får ein del ekstra besøkjande nettopp på grunn av toget. I 2009 har sju personar vore med og halde stasjonen open. Innbyrdes fordeling på kvar person varierte mellom ein og sju dagar. Trist var det at 2009 var det første året då me måtte halda stengt ein annonsert dag på grunn av at me ikkje hadde personar som kunne stå vakt.

## Vedlikehald stasjonsbygningen

Etter skriftleg ønske frå Osbanens Venner var Det lokale el-tilsynet på kontroll i stasjonsbygningen 16. januar. For oss var det viktig at anlegget vart kontrollert mellom anna på grunn av den unike verdien bygningen har. Dei elektriske installasjonane har ulik alder og ulik kvalitet, og tilsynet fann fleire punkt som måtte utbetrast. Ein elektrikar frå Os tok sidan på seg å utføra det meste av arbeidet på dugnad. Alle registrerte feil og manglar vart utbetra i løpet av året. Når det elektriske anlegget likevel vart utbetra, vart det utført ein del forbe-tringar: Mellom anna vart det etablert eigen kontakt for isboksen i gangen, og i venterommet fekk dei to taklampene ein felles brytar.

I kjellaren er det sett inn ny varmt-vasstank. Den nye tanken er på 50 liter og er ei gåve til Osbanens Venner frå Oso v/ Leif August Larsen. I juni hadde me endeleg varmt vatn igjen i stasjonsbygningen. Den nye tanken er plassert oppe på betongkanten, for å unngå at han skal verta skadd når flaumvatn straumar inn i kjellaren.

Utvendig har nedløpet for takrenna vorte reparert. Nye lister for vindauga på austveggen kom ikkje på plass i 2009 heller, og det er intensjonen at arbeidet kan forserast i 2010.

## Utleige av rom i stasjonsbygningen

I 2009 har det ikkje vore utskifting av leigetakarar i stasjonsbygningen. I andre etasjen er det tekstilkunstnar Anita Gaassand og kunstmålar Janne Skavhellen som disponerer kvart sitt rom. Det tidlegare kontor- og ekspedisjonslokalet i første etasjen leiger Egil Olav Jakobsen til modellverkstad. Husleigesatsane har ikkje vore gjenstand for regulering i meldingsåret. Kjøkenet har fungert som fellesareal for Osbanens Venner og leigetakarane. Positivt er det at dei to kunstnarane i andre-etasjen ved fleire høve har hatt open verkstad og utstilling samstundes med at Osbanemuseet har vore ope.

## Uteområdet

Eit gammalt ønske har vore å tilbakeføra perrongen til det opphavlege, med store steinheller i staden for grus. Frå Os kommune fekk Osbanens Venner i 2008 eit parti gamle takheller. I løpet av fleire dugnader i 2009 vart så hellene fint lagt på plass på stasjonsperrongen. Arbeidet starta i midten av mai, og tidleg i oktober vart siste handa lagt på verket. Fin grus

frå Osbanen sitt gamle grustak på Hetleflåten vart nytta som fuge, noko som tek seg svært fint ut. Fylkeskommunen sine representantar lét vel over perrongen då dei var på synfaring i desember. Me skuldar elles Jarl Henning Hetleflåt takk for at me fekk ta den grusen me trong frå grustaket, som han i dag er eigar av.

I august vart dei to store blå presenningane som i fleire år har lege på stasjonstomta ved sida av jernbanesporet, pakka saman og lagt i kjellaren. Det var godt å få dei ut av syne, då dei ikkje har vore noko fint førsteintrykk på museet. Vidare er alt som låg att under presenningane, fjerna: Steinar er rydda vekk, materialar er lagde inn i blindkjellaren, og det same er dei to store H-bjellkane som vart nytta til å løfta lokomotivet på. Jernlaskane er lagt inn i kjellaren. Jernlaskenene er lagde inntil steingarden.

Elles er det som vanleg slege gras og føreteke førefallande rydding på stasjonssområdet.

## Vogna

Før sesongstart vart eit laust stigtrinn på vogna festa. Det er elles ikkje utført nemneverdig arbeid på vogna i meldingsåret. Mykje arbeid står på vent til vogna kjem under tak. Ho ber no alt tydeleg preg av at ho ikkje toler ein vinter til utan tak.

Samstundes har Osbanens Venner i samarbeid med Nesttun-Osbanen AS byrja utarbeida ein plan for omfattande restaurering og tilbakeføring av vogna. Planen går ut på å først få utarbeidd detaljerte byggjeteikningar, for deretter å få inn tilbod på restaurering av vogna. Både teikningsarbeid og restaurering skal utarbeidast av fagfolk. Teikningane må utarbeidast på grunnlag av oppmåling av igjenverande originale delar, inklusive den halve vognkassen som Os kommune har i si samling, pluss gamle teikningar og foto. I skrivande stund er det henta inn tilbod på utteikning av bygge-/konstruksjonsteikningar for heilt nytt understell, likt Osbanen sine originale understell. Intensjonen er at vogna etter prosjektet er gjennomført, skal framstå som ho gjorde i 1935.

## Jernbanesporet

I juni vart sporet vest for stasjonen justert. Det vart pakka godt under samtlege sviller. Sporet tok seg betre ut etterpå, og gav dessutan frå seg mindre lyd når toget kørde over det.

Dei 400 metrane med skjener som vart avtala kjøpt frå Lommedalsbanen i 2008, vart, som omtala i førre årsmeldinga levert med fellestransport for materiell som skulle til gruvemuseet på Stord hausten 2008. Skjenene kom

så med lastebil frå Stord til Stend 4. februar 2009. Av skjenehaugen tilhøyrrer 200 meter skjener Os kommune, etter tidlegare inngått avtale om bytting av skjener.

## Diesellokomotivet "Os"

Lokomotivet har i 2009 fungert godt. Det har ikkje vore vanskar med å få lokomotivet til å starta. Ein 24 V batteriladar er kjøpt inn for å lettare kunna lada startbatteria utan å måtta kopla dei frå kvarandre.

Loket har fått nye lyfter framme og bak. Det gjekk diverre ikkje lange tida før frontlykta vart knust ved hærverk, augensynleg konkret utført ved steinkasting. I tillegg er fløyta frå ein gamal buss montert inn i loket, med tanke på signalgjeving.

Koplinga mellom lokomotiv og vogn må gjerast meir solid, og det er sett i gang arbeid med å laga ei plate for betre feste for koplinga på lokomotivet. Nytt feste kjem på i 2010.

Alle bevegelege ledd er smurde, og det er sprøyta grease i alle smøreniplane.

## Prosjekt vognhall

2009 var året då arbeidet med vognhallen konkretiserte seg. Stiftelsen UNI vedtok i 2009, etter ny søknad, å gi ei tilleggslyving, slik at det totalt vert løyvd 126.000 kroner til bygginga av permanent vognhall. Den opphavlege tildelinga gjaldt 80.000 kroner til mellombels plasshall, som omtala i førre årsmeldinga.

I januar byrja Stend jordbrukskule å saga ned trea som stod på byggjetomta. Skogen var hogstmoden, og skulen rydda tomta utan kostnad for Osbanens Venner.

Det var knytt noko spenning til byggjemeldinga for hallen, då stasjonsområdet ligg i eit område som i arealdelen til kommuneplanen er sett av til Landbruk, natur og friluft (LNF). Med andre ord gjeld det eit byggjeforbod der. Osbanens Venner måtte difor søkja om dispensasjon. Den 20. februar kom byggjeløvet. Vedtaket vart fatta to dagar etter at søknaden var registrert innkomen hjå kommunen!

Den 24. mars starta grunnarbeidet. Os vidaregåande skule tok grunnarbeidet som øvingsoppgåve for fire elevar. Gravearbeidet vart avslutta 16. april. Frå 4-8. mai var skulen på Stend med kompressor og boremaskin og bora i alt 90 hol for sprengladningar.

Sprenging skjedde med i alt fire salver i løpet av måndag 25. mai. Sprengingsarbeidet vart utført av firmaet Sprengningsteknikk AS. Opphavleg

var det meininga at Os vidaregåande skule skulle ta alt gravearbeidet på tomta, men på grunn av eksamenar og fagprøver var korkje maskinar eller elevar disponible for planeringsarbeidet. Redninga vart entreprenør Kurt Hamre, som var villig til å gjera jobben på dugnad. I løpet av noko over tre timar på forsommaren vart byggjetomta grovplanert. I tida 13-22. oktober vart så grunnarbeidet fullført. Grunna kalde netter måtte det då prioriterast å få lagt vassleidning som kryssar byggjetomta, og som var lagt provisorisk i friluft utanom graveområdet i mars, ned att i bakken. Innlånt gravemaskin starta i sekstida på kvelden med å grava ny grøft. Tre timar seinare var leidningen komen ned i grøft og isolert med skålrøyr i isopor. Grunnarbeidet heldt fram dei påfølgjande kveldane. Sprengingane hadde ikkje gjeve godt nok utslag, og tomta var difor prega av store steinar og altfor små kvanta med mindre steinar til å leggja i dei øvre laga. Eit par lass med handstein vart difor tilkøyr. Store steinar fekk nabo Stend jordbrukskule lov til å henta til ei fylling dei heldt på å laga. Siste økta var om kvelden 22. oktober. Osbanens Venner takkar Nils Eivind Søfteland med gravemaskin for svært god hjelp.

Den 10. november var lærar og elevar frå Os vidaregåande skule på plass på Stend for å setja opp forskalingane til grunnmuren. Torsdag 12. november vart sement tilkøyr, og grunnmuren vart støypt. Den 17. november vart forskalinga riven og grunnmuren stod ferdig.

Det som ikkje er positivt, er at vognhallprosjektet har fått ei økonomisk slagside. Etter anleggsstart har det dukka opp fleire uventa problem som har gjort at prosjektet vart meir kostbart enn budsjettet med. Omlegginga av ein privat vassleidning som kryssar tvers over byggjetomta, skapte ekstra arbeid og trong for leige av røyrleggjar i to omgangar. Leidningen vart først kjent for foreigna i samband med nabovarsel til byggjesaka. Ein heil del ekstrautgifter kan tilskrivast grunnarbeidet, for det første fordi Os vidaregåande skule etter anleggsstart kom fram til at dei likevel ikkje kunne ta på seg sprengingsarbeidet. Sprenginga måtte difor setjast ut til eit eksternt firma. For det andre fekk skulen heller ikkje høve til å utføra gravearbeidet etter sprenginga. Osbanens Venner har difor måtta leiga gravemaskin med førar for å koma i mål. For det tredje gav ikkje sprenginga skikkeleg utslag. Resultatet vart både at det var svært store steinar som låg att i tomta, for lite små steinar til å leggja øvst i tomta, i tillegg til at nokre nabbar vart ståande att. Dette førde til meirarbeid for gravemaskinen. Det vart dessutan naudsynt å kjøpa småstein frå annan stad.

I tillegg har det vorte tinga materialar - søyler og berande konstruksjonar - som er meir solide enn det som opphavleg var levert. Etter klage frå yrkesskulen, som meinte dei opphavlege materialane var for fuse til å byggja med, vart materialane tekne i retur av sagbruket og nye materialar tinga i staden. Avtalen vart at Osbanens Venner skulle betala for mel-lomlegget, ikkje for det som vart returnert. Materialkostnaden vart likevel monaleg høgare enn budsetttert med. Materialane ligg no lagra i eit lagerbygg hjå Os vidaregåande skule. Totalt teiknar vognhallen til å kosta rundt 40.000,- kroner meir enn budsetttert med.

Me kan slutteleg nemna at Osbanens Venner sjølve har lagt ned mykje eigeninnsats i form av dugnadstimar. Medlemer i foreininga har bidrege med eigeninnsats i fysisk arbeid på tomte, både til finplanering, graving av grøft for vassleidning, til å følgja med som byg-gjeleiarar, og i tillegg nytta mykje tid på administrativt arbeid - som koordinering av dei ulike aktørane, tinging av grus, stein og andre varer.

Os vidaregåande skule opplyser ved årsskiftet at dei reknar med at vognhallen vil stå ferdig oppført før som-maren 2010.

**Tryggleik og godkjenning togkøyring**  
Osbanens Venner har teke konsekvensen av at toget på Stend, trass den korte banestrekninga, utgjør ein potensiell fare for både folk og gjenstandar. I 2009 er det difor teikna ansvarsforsikring for skade på personar og gjenstandar, pluss personalforsikring og sjuke- og yrkesskadeforsikring.

Vidare er det i 2009 søkt Statens Jernbanetilsyn om vurdering av museumsbanen etter jernbanelova. Jernbanetilsynet konkluderte med at Osbanen, slik han framstår per i dag, ikkje høyrer inn under jernbanelovgjevinga, men har bede Osbanens Venner ta kontakt med Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB). Kontakt med DSB er oppretta, og DSB har registrert banen som ei forbrukarteneste under lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) og tilhøyrande om helse-, miljø- og sikkerhetsansvar i virksomheter (internkontrollforskriften). Banen vår vert ikkje underlagt særskilt godkjenning av styresmaktene, men Osbanens Venner får eit særleg verksemdsansvar. I praksis inneber det at me må sjølve syta for at me utøver naudsynt aktsemd og til ei kvar tid oppfyller alle relevante krav. Dersom ei ulukke skulle inntreffa, vil styresmaktene kontrollere om Osbanens Venner har vore så aktsame som dei burde. Har me

det, vil me vera ansvarsfrie. DSB har vidare gjeve melding om at dei kan koma på umeldt kontroll. Etter krava i lov og forskrift må Osbanens Venner vidare byggja opp eit sett med dokument for HMS-plan, risikoanalysar og internkontroll. Arbeidet er påbyrja, men ikkje avslutta.

Førebels er eit drifts- og tenestereglement utarbeidd og vedteke. Styret meiner togkøyringa på Stend ikkje skal vera prega av at handlingar skjer tilfeldig, men at alt vert gjort rutinemessig i tråd med eit regelverk. Eit noko omfattande sett med reglar knytt til drifta medverkar til å gjera kvar einskilde tenestegjerande person meir medviten på tryggleik og verdien av kvar einskilde vurdering som vert føreteken.

## PR og informasjon

Internettsidene på [www.museumsnett.no/osbanen/](http://www.museumsnett.no/osbanen/) har vorte fortløpande oppdaterte med oppringstider, annan relevant informasjon om museet, historikk og nyhende som skjer på Stend. Nytt av året er ei eiga side, ein slags blogg, der det vert lagt ut fortløpande informasjon om framgang i vognhall-prosjektet.

Nyhendebrev på e-post har vorte sende ut til medlemer og andre interesserte. Det er formannen som har forfatta og distribuert breva.

Osbanens Venner har i sesongen hatt inne lysingar i Fanaposten, der oppringstider for museet har vorte gjort kjende.

Fanaposten har også i 2009 vige Osbanen ein del merksemd. Museet fekk ein liten notis med fargefoto etter ope hus under kulturdagane i november. Fanaposten har vidare ytra ønske om å laga ein fyldig reportasje når vognhallen vert reist. Kontakt vert halde fortløpande.

## Nye gjenstandar til museet

I januar 2009 vart eit originalt fraktmerke pålydande 500 øre frå Nesttun-Osbanen oppdaga på internettauksjonss-taden ebay. Merket fanst ikkje i Osbanens Venner si samling frå tidlegare, og det vart difor kjøpt for ein pris av 49 USD. Seljaren var hyggjeleg og lét samstundes museet få eitt 15 øre og eitt 20 øre fraktmerke av same serien som gåve.

Tysdag 12. mai kom to spesielle klenodie til Stend: Eit tips om at det skulle finnast to originale hjulgangar frå Osbanen i ein gamal fabrikkbygning i Lønningdalen i Os, synt seg å føra til ein fulltreffar. Hjulgangane hadde lege unytta sidan Osbanen vart nedlagt, og dei vart no gjevne i gåve til museet. Inngravert på

innsida av hjula står: DECAUVILLE og PETIT BOURG. Hjulgangane er noko spinkle, og det er difor sannsynleg at dei stammar frå ei grusvogn. Viktig er det at hjulgangane representerer fabrikkens som stod bak heile konseptet som Osbanen var bygt etter. I tillegg er det flott at me no rår over gjenstandar heilt attende frå anleggstida.

I juli fekk foreininga av Bjørn Eikevoll i gåve eit gammalt emaljeskilt med reklame for Hansa og "Perle og Bruse". Skiltet er i svært god stand og veldig dekorativt.

I desember fekk foreininga i gåve av Erling Andersen på Søfteland eit eksemplar av "Årbok 1926 Turistforeningen for Bergens by og stift". I boka er det ei heilsides annonse for Nesttun-Osbanen.

## Fotosamlinga

Nokre nye foto har dukka opp i meldingsåret. Alle fotoa finst i digitalt format. Samtlege filer ligg lagra på minst to stader, for å minimera risikoen for at den unike samlinga skal gå tapt.

## Medlemsbladet

Medlemsbladet "Osmerra" kom i meldingsåret ut med eitt nummer.

## Ymse

I mai låg avisa "Osbaneposten" føre. Avisa er prenta på åtte sider i gammalt (storformat) avisformat, og er ei flott samling av gamle reportasjar og artiklar om Osbanen frå banen si samtid, frå dei første planane vart omtala i avisene og til banen vart nedlagt og hogd opp. Jarl Aspaker har laga avisa med utgangspunkt i Per Ivar Tautra si samling av gamle avisklipp.

Grasrotandelen, den nye ordninga frå Norsk Tipping, der alle registrerte spelarar kan veja ei foreining som dei ønskjer å støtta, trådte i kraft våren 2009. Osbanens Venner var med frå starten. Ved siste årsskiftet hadde me åtte spelarar som lét sin grasrot del gå til oss, og i året 2009 gav ordninga foreininga ein ekstra inntekt på ca. 2.200 kroner.

Osbanens Venner tok del på Kulturminnedagen 13. september i Os, eit arrangement i regi av Os frivilligsentral og der frivillige lag og organisasjonar var inviterte til å presentera seg med stands i Oselvarnaustet. Diverre var det berre fem organisasjonar som tok del. Osbanens Venner stilte med både dresin, lykt og lokomotivfløyte (med lyd!), og møtte ein heil del interesserte osingar.

Til erstatning for dei to aluminiumsstigane som vart stolne frå stasjonen i 2008, vart det våren 2009 kjøpt to nye

tilsvarende stigar. Dei nye stigane har lege fastlåst med kjetting til ein lyktestolpe når dei ikkje har vore i bruk. Diverre, i november forsvann óg dei nye stigane.

### **Kontakt med styresmakter**

Tidleg i januar sende Osbanens Venner brev til Samferdselsetaten i Bergen kommune med oppmoding om å ta vare på banetraseen mellom Kismul og Kalandseid. Me bad om at det måtte leggjast meir vekt på dei jernbanerelaterte kulturminna knytte til traseen når den siste delen av osbanetraseen skulle opparbeidast til gang- og sykkelveg. På store delar av strekninga låg traseen enno totalt urøyr sidan 1935, og ein hadde her ein sterk sjanse til å få teke vare på traseen slik han opphavleg vart bygt. Breidda og utforminga av banelegemet er eit handfast minne i seg sjølv, om dåtida sine tekniske løysingar og utformingar. Etter vårt syn var det difor viktig at sjølv profilet ikkje måtte endrast, men at trasèbreidda måtte beholdast.

